

## **Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016**

### Framlegg endring/tillegg frå AP v/ Olav Gisle Noraberg:

Som innstilling frå rådmannen med fylgjande endring:

- Det blir sett klausul om at det blir bygd heilårsbustad på tomtene.
- Veg frå påkøyrse til Gamleveg ved Skarpeid og opp til planlagt veg frå Lauvraksvegen og inn til bustadområdet blir teke med. Kostnadane på kr 500.000,- blir teke med i kalkyla. Dette utløyser at byggeklare tomter blir auka frå 5 til ca 12.
- Kommunestyret ynskjer å få seg førelagt ei sak vedrørande bygging av kommunal bustad med sokkelleilighet i bustadfeltet.
- Kommunestyret ynskjer å få seg førelagt ei sak vedrørande tidsavgrensa leigeavtaler og differensiera husleiger i kommunale bustader.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå AP v/ Olav Gisle Noraberg.

### Framlegg frå SP v/ Thor Inge Levang:

Gjenninnføre tilskot på kr 100.000,- til bygging av heilårsbustad utanom kommunale bustadfelt. Dette må innarbeidast i tilskotsreglementet.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå SP v/ Thor Inge Levang.

## **Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016**

Det blir sett i gang utbygging av den nedre delen av Moghusfeltet i Sørbygda snarast, seinast våren 2017, med mål om å kunne tilby byggeklare tomter med veg, vatn, avlaup, straum og fiber til tomtegrensene for ca 12 tomter, sommaren 2017. Veg frå påkøyrse til Gamleveg ved Skarpeid og opp til planlagt veg frå Lauvraksvegen og inn til bustadområdet blir teke med. Avtale med grunneigar Jørund Moghus blir lagt til grunn, mellom anna kjøp av ei tomt til kr. 50 000,- for vidareasal. Det blir sett byggeklausul for heilårsbustad på tomtene. Kalkulerte kostnader, kr. 2 780 000,- blir finansiert ved låneoptak.

Kommunestyret ynskjer å få seg førelagt ei sak vedrørande bygging av kommunal bustad med sokkelleilighet i bustadfeltet.

Kommunestyret ynskjer å få seg førelagt ei sak vedrørande tidsavgrensa leigeavtaler og differensiera husleiger i kommunale bustader.

Gjenninnføre tilskot på kr 100.000,- til bygging av heilårsbustad utanom kommunale bustadfelt. Dette må innarbeidast i tilskotsreglementet.